



Aina Isdal Haugland
Isdal
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1192 - 19/14447

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.05.2019

Førebels svar på søknad - gbnr 185/5 Isdal

Tiltak: Tilbygg med våtrom
Byggjestad: Gbnr: 185/5
Tiltakshavar: Aina Isdal Haugland

Vi stadfestar å ha mottatt dykkar søknad 11.04.2019 med tilleggskommunikasjon mottatt 30.04.2019. Saka har saksnummer 19/1192.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggskommunikasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggskommunikasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesakforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesakforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesakforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med	3 veker



reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aina Isdal Haugland

Isdal

5916

ISDALSTØ